

INFORMASJON OM MOTTAKER

- En søknad må alltid ha én mottaker som har ansvaret, selv om flere samarbeider om prosjektet. Dersom flere virksomheter eller organisasjoner har samarbeidet skal dere forklare hvem dere har samarbeidet med og hva samarbeidet består av
- Med prosjektet menes i skjemaet både prosjekter, tiltak eller aktiviteter som det mottas tilskudd til

Skjema er utfyllt av

Fornavn	Else
Etternavn	Aarø
Tittel	seniorrådgjevar

Organisasjonsnummer Organisasjonsnummeret må være basert på en juridisk enhet.	NO 938 626 367 mva.
---	---------------------

Organisasjonsnavn Organisasjonsnavnet må være identisk med enhetsregisteret i Brønnøysundregistrene	Hordaland fylkeskommune
--	-------------------------

Adresse	PB 7900
---------	---------

Postnr./-sted	5020 Bergen
---------------	-------------

Organisasjonsform	FYLK
-------------------	------

E-postadresse Postmottak/ offisiell e-postadresse til søker	hfk@hfk.no
--	------------

Webadresse	www.hordaland.no
------------	------------------

Kommunennummer Kun for kommuner	Klikk her for å skrive inn tekst.
------------------------------------	-----------------------------------

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Klikk her for å skrive inn tekst.

Kontaktperson

Oppgi minst én person Helsedirektoratet kan kontakte dersom vi har spørsmål om rapporteringen.

Fornavn	Mette Nora
Etternavn	Sætre
Telefonnummer	+ 47 99 50 97 24
E-postadresse	Mette.Nora.Sætre@hfk.no
Fornavn	Else-Marie Brobakke
Etternavn	Aarø
Telefonnummer	+ 47 92 47 97 90
E-postadresse	Else-marie.aaro@hfk.no

Samarbeidspartnere i prosjektet

Prosjektet utføres i samarbeid med andre virksomheter

Angi informasjon om alle andre virksomheter eller organisasjoner dere samarbeider med om prosjektet.

Askøy kommune: kommunenr. 1247
Bømlo kommune: kommunenr. 1219
Fjell kommune: kommunenr. 1246
Stord kommune: kommunenr. 1221

Høgskolen i Bergen

TILSKUDDSORDNING

- Tilskuddsbrevet inneholder krav til rapportering
- Rapporteringen kan dere utdype i et eller flere vedlegg, dersom det er nødvendig

Tilskuddsordning

Kartlegging og utviklingsarbeid om «NÆRMILJØ OG LOKALSAMFUNN SOM FREMMER FOLKEHELSE» - Tilskudd Kap. 719.60

2015/2016

Rapporteringsperiode

Dersom dere krysser av for statusrapport er resten av feltene valgfrie, og dere skal rapportere i henhold til krav i tilskuddsbrevet.

Statusrapport pr. nov. 2016

Rapportering underveis i et år som ikke er avsluttet.

Helsedirektoratets referanse

Saksnummer, merket "vår referanse" i siste brev
dere mottok under denne ordningen.

15/7495-3

RAPPORTERING PÅ MÅLOPPNÅELSE

- Rapportér på hvilke mål dere har oppnådd og vurder i hvilken grad de er oppnådd
- Helsedirektoratet legger særlig vekt på måloppnåelse i prosjektene ved vurdering av rapporteringen

Generelt om prosjektetablering i Hordaland

Hordaland fylkeskommune vel å legge inn bakgrunnsinformasjon om prosjektet i Hordaland, før rapporteringa på oppnådde mål etter regelverket.

Prosjektet er etablert og samarbeidsavtaler med kommuner er inngått

Hordaland fylkeskommune sikrer prosjektstyring gjennom prosjekteigar rolla og samarbeidsavtaler. Kommunane har fått stor lokal fridom for utvikling av lokale innsatsområder i tråd med regelverket for ordninga, men slik at styring mot å oppfylle kriterier i regelverket er ivareteke.

Prosjektet er ikkje organisert ved felles styringsgruppe regionalt. Kommunane har eigne styringsgrupper godt organisatorisk forankra, tverrsektorielle prosjektgrupper og arbeidsgrupper/referansegrupper ved behov. På fylkesnivå er prosjektet etablert med tverrfaglig prosjektgruppe/arbeidsgruppe og med leiargruppa i Regionalavdelinga som styringsgruppe. Møteplass mellom fylkeskommune og kommunane er regional prosjektgruppe. Det er avvikla 7 møter i 2016 og to informasjonsmøter i 2015.

Prosjektet er forankringa i styringsdokument og/eller politiske vedtak

	HFK	Askøy	Bømlo	Fjell	Stord
Plandokument	Regional plan for folkehelse	Samfunnsdel til kommuneplan, programområdet mobbefri oppvekst og partnerskap mot mobbing (mobilisering på tvers i kommunen: politisk leiing, adm.leiing, frivillige organisasjoner)	Samfunnsdel til kommuneplan og handlings-program folkehelse	Trafikksikringsplanen	Kommuneplan, samfunnsdel. Prioriteringar folkehelse-arbeidet vedtatt 2016
Politiske vedtak og /eller styringsgruppe	Vedtak i fylkesutvaletet 20 04 16.	Styringsgruppe/samarbeidsutval for barn og unge	Styr. gruppe med politikar og adm.	Adm. Styringsgruppe-rådmannens leiarteam	Folkehelserådet (adm. leiargruppe). Ordførar har godkjent.
Prosjekteigar	Fylkesdirektør regional utvikling	Kommunalsjef oppvekst	Rådmannen	Rådmannen	Rådmannen
Administrative planar	Regionalavdelinga. Tiltak i verksemdplan				Planprogram kommuneplan

Prosjektstatus – prosjekta er i rute i tråd med prosjektplanar

Alle kommunane har etablert prosjekta sine, utvikla mål og prosjektplanar. Prosjektkommunane er ut i frå lokale føresetnader kome ulikt i metode og utviklingsarbeidet, men i rute etter kommunane sine eigne prosjektplanar. Dette vil vere synleg i rapporteringa. Askøy kommune måtte restarte prosjektet i april/mai 16 med ny prosjektleiing og endra problemstilling, men innanfor innsatsområde oppvekst/skule. Dette er avtalt

i dialog med Hordaland fylkeskommune. Dette har forsinka prosjektutviklinga og dermed metodeval i etableringsfasen for denne kommunen, men blir vurdert som ikkje kritisk for prosjekt gjennomføring i 2017.

Målområder og prosjektnamn

Alle kommunane har utvikla lokale mål og delmål, som operasjonaliserer samfunnsmålet og delmåla sett av Helsedirektoratet.

Prosjekttittel Hordaland: *Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland*

Askøy kommune

Prosjekt tittel: Medverknad for mobbefritt oppvekstmiljø.

Mål: Auke kvalitativ kunnskap om oppvekstmiljø gjennom barn og unge sin medverknad

Bømlo kommune

Prosjekt tittel: Helsefremjande nærmiljø Bømlo kommune.

Mål: Bømlo kommune, med ein desentralisert busetnad, skal ha nærmiljø og lokalsamfunn som bidrar til å fremje folkehelse der folk bur.

Delmål:

- Auke kunnskapen om korleis nærmiljøet påverkar folkehelsa i små lokalsamfunn, og om ulike nærmiljø i same kommune gir ulik påverknad på helsa. Identifisere positive og negative faktorar i dei ulike lokalsamfunna.
- Teste ut kombinasjon av ulike metodar for kartlegging av folkehelse og nærmiljø.
- Utvikle eigna metodar for samarbeid mellom kommune og nærmiljø, gjennom å utvikle grendalaga som paraplyorganisasjon og talerør for frivillige organisasjonar og befolkninga i lokalsamfunnet, og som mellomledd mellom lokalsamfunnet og kommunal administrativ og politisk leiing.
- I samarbeid med nærmiljø og grendalag legge grunnlag for konkrete tiltak som kan utvikle nærmiljøet i helsefremjande retning. Mobilisering og eigarskap er viktige faktorar.

Fjell kommune

Prosjekttittel: Skuleveggar og snarveggar på Bjørøy.

Kartlegging av korleis skuleelevar og øvrige innbyggjarar nyttar aktiv transport på øya, og kartlegging av moglegheitene for å opparbeide snarveggar i terreng, som erstatning for manglande fortau/gang- og sykkelveggar.

Mål: Kartleggje barns noverande bruk av aktiv transport til skulen, med formål om å få fleire til å gå eller sykle til skulen samt redusere biltrafikk.

Stord kommune

Prosjekt tittel: Lokal kunnskap i planlegging av trivelege nærmiljø og gode møteplassar. Prosjekt for breiare involvering i kommunalt plan- og utviklingsarbeid.

Mål:

- Brei innbyggjarmedverknad i arbeidet med kommunedelplan
- Få fram lokal kunnskap og lokale behov i planlegginga av gode møteplassar og trivselfremjande nærmiljø.
- Utvikle og få erfaring med gode metodar for å hente inn lokal kvalitativ kunnskap og skape lokalt engasjement som grunnlag for nærmiljøprosessar.
- Stimulere til etablering av forpliktande lokale nettverk knytt til planprosessen.

Metodar er valde og medverknadsprosessar er starta opp i tre av fire kommunar

Stord kommune har valt medverknadsmetodar og gjennomført medverknadsprosessar våren 2016 i trinn en av prosjektet. Ferdigstilt første prosjektrapport. Fjell kommune har valt metodar og gjennomfører medverknadsprosessar (pilot på Bjørøy) i september/oktober 16. Bømlo har valt metodar og gjennomfører første del av kartlegginga i oktober 16. Askøy er i prosess med val av metodar i samarbeid med HIB for gjennomføring tidleg i 2017. Har utvikla film som skal nyttast i arbeidet med å mobilisere deltaking frå barn/unge.

Kommunane har gjennomgåande valt fleire metodar (metodetriangulering) for å få breidde i kartleggingane og for å få breiare deltaking frå befolkninga. På grunnlag av resultat etter medverknadsprosessar i 2016, er kommunane også opne for å vurdere andre metodar enn oppgjeve i prosjektskildringar for 2017. Dette er eit viktig mulighetsrom som må takast vare på gjennom prosjektutviklinga. Samla vurdering av måloppnåing er frå svært god til god.

Sjå meir under rapporteringsområde 4. Hovudprosjekta vil gjennomførast i 2017.

Kunnskapsutvikling/kompetanseutvikling på nærmiljø, medverknad og metode er gjennomført/under gjennomføring

Regionalt nivå

Kommunane har følgd kompetansebygginga tilrettelagt av Hordaland fylkeskommune gjennom prosjektsamlingar og relevante konferansar. For utfyllande opplysningar sjå pkt 7. Formidlingsplan er under utvikling.

Kommune nivå

Kunnskapsutviklinga skjer også i kommunane – inn mot ulike kommunale einingar og ut mot samarbeidspartar. Kommunane er del av ulike nettverk som delar kunnskap og informasjon om prosjektet.

Arbeidet i dei tverrsektorielle prosjektgruppene vert vurdert som positivt for kompetansebygginga lokalt.

«Arbeidet i prosjektgruppa og gjennomføring av tiltaka har gitt auka kunnskap og erfaring på tvers av sektorar. Prosjektet har ført til samhandling innanfor og mellom ulike nettverk, og styrka fokuset på medverknad som verktøy i plan- og utviklingsarbeid. Det har og ført til meir engasjement for prosjektet sitt tema, både i kommuneleiinga, planavdelinga, skulen, frivillige organisasjonar og innbyggjarane generelt.

Prosjektansvarlege, deltakarar og innbyggjarar har fått nyttig kunnskap om og erfaring med metodar for medverknad. Både dei som legg til rette og publikum treng erfaring for at medverknadsprosessar skal bli gode».

Sitat prosjektrapport Stord kommune 2016

Tittel på prosjektet

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland

Rapportering på kriterier for måloppnåelse Rapportar på hvert av kriteriene for måloppnåelse fra tilskuddsbrevet.

Ramme for rapporteringa

Rapporten er bygd opp ved å omtale rapporteringskriteria enkeltvis nummerert frå 1 til 8. Først ei samla vurdering med fylkeskommunen sine bidrag innarbeidd. Deretter statusrapport for kommunane.

Kommunane har levert rapportar pr.12.10. 2016 til Hordaland fylkeskommune. Gjennomførde hovudaktivitetar er teke med i rapporten. Der det er hensiktsmessig er også planlagt aktivitet i 2016 teke med for å syne framdrift i prosjekta.

1.Kartlagde oversikter over nærmiljøkvaliteter og faktorar som fremjar og/eller hemmar helse og trivsel til befolkninga, i nærmiljø og lokalsamfunn.

Samla tilbakemelding/vurdering

Kunnskap om nærmiljøkvalitetar er tydeleg innsatsområde i prosjekta i Hordaland

Val av innsatsområder og mål i alle prosjektkommunane er i tråd med definerte nasjonale målområder og legg godt grunnlag for meir lokal kunnskap etter folkehelselova § 5 c. Askøy (innsats for å auke trivsel og redusere mobbing) og Fjell (mangel på trafikksikre vegar som hindrar befolkninga å nytte aktiv transport) har teke mest utgangspunkt i lokal kunnskap om kva som kva som hemmar helse og trivsel i eige lokalsamfunn. Bømlo (helsefremjande faktorar i tre ulike lokalmiljø) og Stord (møteplassar og nærmiljø) har lagt meir vekt på innsats retta mot område med meir fremjande utgangspunkt.

Første rapport er levert med identifiserte nærmiljøkvalitetar

Prosjektet er i tidleg fase. Det er ikkje forventa frå prosjekteigar at alle kommunane ved første rapportering skal levere på dette målepunktet. Men Stord kommune har utarbeidd første delrapport frå prosjektet – «*Folk i Sagvåg og Litlabø sine innspel til tiltak som fremjar trivsel og fellesskap*». Her er viktige nærmiljøkvalitetar for planlegging av gode møteplassar og nærmiljø der folk kan trivast løfta fram. Sjå vedlegg 2.

Fjell kommune har gjennomført pilotkartlegging for finne ut korleis skuleelevar og øvrige innbyggjarar på Bjørøy i Fjell kommune nyttar aktiv transport i kvardagen, og korleis og kvar det er mogleg å opparbeide snarvegar i terreng for å fremja meir bruk av aktiv transport. Resultata er ikkje klare ved rapporteringstidspunkt til fylkeskommunen.

Kort om dei kommunane prosjekta med vekt på nærmiljøkvalitetar

Askøy kommune

Er ei vekstkommune med ei ung befolkning. Utgangspunkt er utfordringane som er identifisert i kommunen sitt oversiktsdokument (barn, unge, oppvekst, mobbing og psykisk helse). Ein særleg hemmar er at mange elevar i skulen kjenner seg mobba i Askøy-samfunnet. Prosjektet er del av eit større fleirårig tverrsektorielt kommunalt program for «*Mobbefri oppvekst*». Kommunen og skulen har god tradisjon for å nytte kunnskap frå kvantitative metodar (elevundersøking, levekårundersøking med fleire) som plangrunnlag. Prosjektet utfordrar samarbeidet mellom skule og kommuneplanlegging på ein måte ein ikkje har nytta før i kommunen. Innovasjonselementet i prosjektet er at gjennom stemmene til barn og unge og ei kvalitativ tilnærming, skal kommunen få fram breiare kunnskapsgrunnlag knytt til nærmiljøkvalitetar som fremjar helse og trivsel.

Bømlo kommune

Kommunen har teke utgangspunkt i lokale utfordringar og mulighetrom – særleg viktig er det å få auka kunnskap om korleis engasjement og deltaking i frivillig sektor kan bidra til meir helsefremjande nærmiljø. Kommunen er oppteken av å få god kjennskap til faktorar som kan bidra til bulyst, kulturell og sosial utvikling. Kommunen har om lag 400 lag og organisasjonar. Her er eit stort mogelegheitsrom for sosial deltaking om folk blir inkluderte. Kunnskap om deltaking i tre ulike lokalsamfunn i kommunen, skal få fram likskap og ulikskap mellom desse og identifisere kva faktorar som hemmar og fremjar helse. Innovasjonselementet er sterk involvering av grendeutvala i prosjektutviklinga og som deltakar i kartlegginga. Grendelaga er etablerte interesse fellesskap av lag og organisasjonar som kommunen samarbeider målretta med.

Fjell kommune

Ei vekstkommune med ung befolkning. Mangel på trafikksikre vegar vert opplevd som svært avgrensande for innbyggjarane, og er den nærmiljøfaktoren som i størst grad hemmar helse og trivsel i lokalsamfunnet, både for barn, ungdom, vaksne og seniorar. Særleg er tilhøva på Bjørøy utfordrande. Øya har fleire svært trafikkarlege vegar, og det er blitt jobba i nærare 20 år med å få vegmynder til å opparbeida gang- og sykkelsti langs FV207, som går gjennom heile øya, frå nord til sør. Vegen har så farlege strekkingar at kommunen betaler skulebuss til nærast alle barneskuleelevar der. På fritida vert barn og unge stort sett køyrd til aktivitetar, grunna trafikkfaren knytt til å gå eller sykle. Innovasjonselementet er særleg knytt til at gjennom kartlegginga ved hjelp av skuleelevar og øvrige innbyggjarar og deira val, får kommunen innsikt i kvar det kan opparbeidast snarvegar i terreng og dermed legge til rette for meir aktiv transport.

Stord kommune

Kommunen tek utgangspunkt i at det i den kommunale planlegginga er trong for meir lokal kunnskap om kva som er viktige nærmiljøkvalitetar for helsa og trivselen til folk. Medverknad er nødvendig for god forankring

av kommunale planar. Ein viktig føresetnad her er at innspel er synlege både i planprosessen og i den ferdige planen. Innovasjonselementet i første del av prosjektet er særleg knytt til bruken av direkte medverknad inn i utvikling av kunnskapsgrunnlaget i arbeidet med ny kommunedelplan for Sagvåg og Litlabø. Eit særskilt mål er at grupper som tradisjonelt har vore lite involvert skal få ei sterkare stemme, og at planane såleis vert meir i tråd med lokale behov og føresetnader. Utvikling av, og erfaring med gode metodar for medverknad er nødvendig for å få dette til. Kommunen har gjennomført medverknadsprosessar (trinn 1) våren 2016, både i skule og i nærmiljø (lokalbutikken). Ein grunnlagsrapport med innspel til planprosessen til kommunedelplanen er utarbeidd og gjort offentleg kjent på kommunen sine heimesider. Her er viktige nærmiljøkvalitetar identifiserte og skal nyttast i det vidare planarbeidet.

2. Oversikter over nærmiljøkvalitetar er innarbeidd i "Oversikt over helsetilstanden og påvirkningsfaktorer", jf. folkehelseloven §5, som grunnlag for det kommunale planarbeidet

Samla tilbakemelding/vurdering

Oversiktsdokument status – kunnskapsgrunnlag om nærmiljøkvalitetar

Alle kommunane inklusive fylkeskommunen har utarbeidd/revidert oversiktsdokument i 2015 og 2016. Dei fleste kommunane har mindre erfaring med kunnskapsgrunnlag etter fhl § 5.c. Stord kommune sitt dokument byggjer i større grad enn dei andre på lokalkunnskap med nærmiljøkvalitetar og kvalitativ kunnskap.

Rullering av oversiktsdokument

Kommunane rapporterer ulike strategiar for rullering av «Oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar» frå årleg til rullering kvart fjerde år. Ei kommune vil ta inn kunnskapen i det løpande arbeidet. Breiare kunnskapsgrunnlag knytt til kva faktorar i nærmiljøet som hemmar eller fremjar folk si helse og trivsel blir innarbeidd ved revisjonar av dokumentet helst innan utgangen av 2018.

Hordaland fylkeskommune ferdigstilte i mars 2016 første versjon av *Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt*. Eit viktig funn i rapporten er helseverdien av å bu i eit godt lokalsamfunn. Fylkestinget i Hordaland gjorde vedtak i mars 2016 om at fylkeskommunen skal mellom anna ha fokus på å sikre sunne og trygge oppvekstmiljø. Dette er innsatsområder som er i samsvar med målområda til fleire av prosjekta. Resultata frå prosjektkommunane er dermed interessante for neste revisjon av dokumentet som skal vere ferdig i slutten av 2018, før oppstart av neste planstrategi i Hordaland.

Erfaringsdeling med andre kommunar

Første felles samling med kunnskapsdeling med øvrige kommunar i Hordaland vert avvikla i desember 2016. Tema er folkehelselova § 5 c, med døme frå alle prosjektkommunane på pågåande arbeid med kvalitative metodar for å hente inn kunnskap.

Kunnskap (nærmiljø, metodar og tiltak) inn i kommunale planar

Askøy: Grunnlag for utarbeiding av kommunedelplan oppvekst.

Bømlo: Revisjon av samfunnsdel til ny kommuneplan. Skal starte opp i 2017.

Fjell: Inn i arbeidet mot ny planstrategi. Tiltak inn i Trafikksikringsplanen.

Stord: Integrere innbyggjarane sine perspektiv i pågåande arbeid med ny kommunedel plan for bydelen Sagvåg/Litlabø er starta opp i 2016, samt i arbeidet med utvikling av ny kommuneplan (oppstart 2017).

Askøy kommune

Resultata frå prosjektet vil supplere eksisterande kvalitative data om barn og unge sitt psykososiale miljø, slik det kjem fram i kommunen sitt oversiktsdokument.

Bømlo kommune

Skal også nytte prosjektet til å utvikle system for å bruk av kunnskap frå elevsamtalar for å få ut lokalkunnskap og inn i det løpande oversiktsarbeidet. Ved revisjonar av oversiktsdokumentet.

Fjell kommune

Folkehelseoversikta for Fjell kommune vert rullert kvar år, saman med handlingsprogram, budsjett, økonomiplan og planstrategi. Resultata frå kartlegginga vil innarbeidast i rulleringa av folkehelseoversikta 2016.

Stord kommune

Skal utarbeide strategi for medverknad i kommuneplanarbeidet med særleg fokus på utsette grupper, Integrere innbyggjarane sine perspektiv i kommuneplanen/kommunedelplanen.

3. Kommunane har døme på nærmiljøkvalitetar, metodar og tiltak som kan nyttast vidare i det kommunale planarbeidet

Samla tilbakemelding/vurdering

Arbeidet med medverknadsprosessar pågår i tre av fire kommunar pr. 01 11 16. Resultata av innspela ikkje er ferdig vurderte. For tidleg i prosessen å hente fram mange gode døme på nærmiljøkvalitetar som skal nyttast vidare. Det er eit mål for alle kommunane at metodar utvikla i prosjektet skal nyttast vidare inn i andre områder i kommunane og at kunnskapen skal utviklast lokalt og delast.

Vi tek likevel med litt her på korleis kommunane ser resultat av arbeidet tenkt nytta i kommunane. Elles er arbeidet med døme på nærmiljøkvalitetar omtala under pkt. 1,2 og 4.

Askøy kommune

Kunnskapsgrunnlag nyttast som grunnlag for utarbeiding av kommunedelplan for oppvekst. Resultata frå prosjektet vil supplere eksisterande kvalitative data om barn og unge sitt psykososiale miljø, slik det kjem fram i kommunen sitt oversiktsdokument.

Bømlo kommune

Folkehelseutfordringar som kjem fram gjennom prosjektet vil i første omgang bli innarbeidd i dei årlege handlingsplanane i kommunen, og følgjast opp med konkrete tiltak. Kommunen har mål om at kunnskapen skal kunne nyttast rett inn i samfunnsdelen til ny kommuneplan, eit arbeid som startar i 2017.

Fjell kommune

Kommunen vil følge opp med tiltaksutvikling gjennom kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020 som skal handsamast politisk hausten 2016, er det føreslått å setja av 1,5 mill. til oppfølging av prosjektet, gjennom å opparbeida ein eller fleire snarveggar på Bjørøy. Snarvegane skal vera av så god kvalitet (godt dekke, vintervedlikehald, god belysning etc.), at dei kan nyttast som fullverdige skule- og turveggar, i påvente av fortau/ gang- og sykkelveggar langs FV207. Dette vil i stor grad vera både helse- og trivselsfremjande for innbyggjarane på Bjørøy.

Stord kommune

Erfaringane/kunnskapen frå gjennomført pilot i Sagvåg og Litlabø med medverknad frå befolkninga knytt til arbeidet med ny kommunedelplan (områdeplan), skal vidareførast og brukast ved vidare arbeid med ny kommuneplan. Målgruppa er alle innbyggjarane, og med fokus på grupper som har vanskar med å bli høyrde.

4. Beskrive val av medverknadsmetodar, prosessar og resultat frå medverknad med ulike befolknings- og aldersgrupper i nærmiljø og lokalsamfunn

Samla tilbakemelding/vurdering

Medverknad frå barn og unge er felles for prosjekta i Hordaland. I dette ligg samarbeid med skulane for gjennomføring av prosessane. Fleire av prosjekta rettar seg også mot eldre. Elles når prosjektet ut til alle aldersgrupper barn-unge-vaksne og eldre. Frivillig sektor deltek på ulike måtar inn i alle prosjekta særleg i prosjektgrupper, mens også som samarbeidspart i gjennomføring av medverknadsprosessane i fleire av kommunane.

Askøy kommune

Medverknad frå befolkninga/målgruppe: Barn og unge i Askøy (ungdomsskule, vidaregåande skule – fleire). I pilotprosjektet (Hetlevik skole) medverkar også foreldre og representantar frå frivillige lag/organisasjonar.

Medverknadsmetodar, plan for involvering med prosessar hausten 2016/vår 2017

- Refleksjonsfilm om medverknad: Få dei unge si stemme og perspektiv: om medverknad, få for seie meininga si om korleis det er å vokse opp på Askøy, blir unge si stemme lytta til på ein slik måte at det betyr noko for utviklinga i kommunen, er det eigentleg best at det vaksne bestemmer (*foreldre, lærarar, trenere, politikarar, rådmann*). Ferdig.
- Elevdag: Elevar frå både ungdomsskule og vidaregåande skule skal samlast ein dag med medverknad som tema. Under planlegging haust 16.
- Prosess i pilotskule – korleis skal barn og unge medverke?
- Utvikling av metode og prosess i samarbeid med prosjektgruppe, det regionale samarbeidet, samarbeid med Høgskolen i Bergen. Mål: finne metodar for medverknad som får fram barn og unge sine meiningar/stemme knytt til temaet i prosjektet. Barna i bygda seier meininga si/medverkar om: skulegård, leikeareal (sett av nokre midlar til konkrete tiltak).

Deltaking

Det skal gjennomførast ein pilot i ein pilotskule. Val av pilotskule: elevar frå mellomtrinnet, skuleleiing, aktuelle lærarar, FAU og evt. andre aktørar i den valde skulen sitt nærmiljø.

Utvikle samarbeid med skule, elevråd, frivillige, idrettslag, korps, handball mfl.

Pilotgjennomføring/datainnsamling er sett til våren 2017.

Resultat

Ferdig film skal nyttast i det vidare arbeidet då filmen syner dei unge sine evne til å reflektere rundt temaa. Bidrag til å legitimere fokus på medverknad av barn og unge og skal nyttast som bidrag når det gjeld kommunal forankring av prosjektet.

Bømlo kommune

Medverknad frå befolkninga/målgruppe

- Barn og unge ved skulane i tre lokalsamfunn: 5. til 10.trinn
- Personar mellom 67-79 år
- Frå tre av åtte lokalsamfunn i kommunen. Lokalsamfunna er ulike – eit øysamfunn (Espevær), eit samfunn med sterke historiske røter (Moster) og eit industrisamfunn (Rubbetadsneset).

Medverknadsmetodar, plan for involvering og prosessar hausten 2016.

- Kartlegging av aktivitetstilbod: Få oversikt over alle aktiviteter/fritidstilbod i dei tre lokalsamfunna. Element av sosiokulturell stadsanalyse (social-spatial methodology). Plotte på flyfoto.
- «Ut av huset-kartlegging»: Semi-kvantitativ metode. Element av sosiokulturell stedsanalyse (social-spatial methodology). Deltakarane skal markere på eit kart kor dei går når dei ikkje er heime eller på arbeid/skule. Kartet vil vere detaljert for nærmiljøet, mindre detaljert for heile kommunen, og med skriftleg påført sted der dei er utanfor kommunen,

Siste 30 dagar. Kartlegginga er tenkt avgrensa til 5.skuletrinn, 8.skuletrinn og 10.skuletrinn.

- Tilsvarande kartlegging i aldersgruppa 67-79 år.
- Spørjeundersøking: Opne spørsmål om lokalsamfunnet og kva påverknad det kan ha på helsa til dei som bur der. Samarbeid med frivillige organisasjonar og skule for å nå alle og motivere til deltaking.

Kartlegginga er tenkt avgrensa til 6., 7. og 9. årstrinn i skulen og til aldersgruppa 67-79 år. Spørjeskjema skal svarast på anonymt. Skal av skuletrinna nyttast i områda Moster og Rubbestadneset, men ikkje Espevær.

Innsamling av data og prosessar

Inngått skriftleg avtale mellom kommune og grendelaga i lokalsamfunna om samarbeid, og til innsamling av lokalkunnskap. Medverknad gir eit godt utgangspunkt for samarbeid, noko som er overførbart til andre nærmiljø på Bømlo og andre kommunar.

Grendelaga skal mobilisere folk som har god lokalkunnskap for å samle inn data og som skal plote informasjon på flyfoto (kartlegging av aktivitetstilbod). Grendelaga skal gjennomføre spørjeundersøkinga i nærmiljøa. Grendautvala deler ut og samlar inn utfylte spørjeskjema frå personar mellom 67-79 år på lokal nærbutikk. Annonsering i forkant gjennom plakatar i nærmiljø og lokalpresse.

Samarbeid med skulesektor om innsamling av data for «ut av huset kartlegging» for 5., 8. og 10.trinn, og enkle spørjeskjema til elevar i 6, 7 og 9.trinn. Undersøkinga skal gjerast anonymt, og svara overførast til eit oppsummeringskart for dei ulike aldersgruppene.

Resultat

Innsamla data førebels ikkje bearbeidd. Resultat og erfaringar frå arbeidsprosessane våren 2017

Fjell kommune

Medverknad frå befolkninga/målgruppe:

- Skuleelevar: 4.-7. trinn ved Bjørøy skule
- Ungdommar: sju ungdommar mellom 15-19 år
- Vaksne: ti vaksne mellom 20-60 år,
- Seniorar: ti seniorar mellom 60-75 år

Medverknadsmetodar, involvering og arbeidsprosessar pilot på Bjørøy 2016

Kommunen har nytta fleire metodar for å kartleggja opplevinga skuleelevar og den øvrige befolkninga har når dei beveger seg på vegnettet, og potensialet for snarveggar i terreng.

- Trafikkagenten (TØI, Oslo kommune).
Kartleggingsverktøy utvikla i eit forskings- og utviklingsarbeid mellom Transportøkonomisk institutt (TØI), Forskningsrådet, CapGemini og Bymiljøetaten i Oslo. Applikasjonen er utvikla til mobil og nettbrett, der barna kan melde om positive og utfordrande områder på skulevegen.
Målgruppe: Skuleelevar: 4.-7. trinn ved Bjørøy skule, Ungdommar: sju ungdommar mellom 15-19 år, Vaksne: ti vaksne mellom 20-60 år, Seniorar: ti seniorar mellom 60-75 år
- Mental Mapping (Kevin Lynch)
Korleis forstå nærmiljøet og bruken av aktiv transport gjennom bruk av Mental Mapping: skuleelevane nytta subjektiv hukommelse/oppleving/kjensle (abstrakt), dei nytta si forståing av romligheit og opplevingar/kjensler vart «geo-referert».
Målgruppe: Deltakarar: 7. trinn ved Bjørøy skule (17 elevar)
- Workshop 3-timar i samarbeid med velforeininga
Målgruppe: Skuleelevar: 7. trinn ved Bjørøy skule (17 elevar), Ungdommar: sju ungdommar mellom 15-19 år, Vaksne: ti vaksne mellom 20-60 år, Seniorar: ti seniorar mellom 60-75 år
- Kartdigitalisering. Registreringar i Trafikkagenten skal leggst i GIS-kartdatabasen for utvikling av digitalt kart.

Innsamlinga av data og prosessar

Barnas registrering av oppleving langs skuleveg ved bruk av Trafikkagenten gjennomført i september. Dialog med foreldre om at barna kunne få gå til skulen, og etablering av følgjegrupper for sikring av barna. Barna skulle bruken agenten sjølve på skulevegen for å registrere opplevingar. Appen var også nytta i ein skuletime (kroppsøving) og på fritida til elevane. For at kommunen skal kunna sjå kva vegar barna ferdast på, nyttar applikasjonen seg av GPS-funksjonen på telefonen eller nettbrettet. Det var av omsyn til personvernet frivillig for dei føresette å avgjera om deira barn skulle nytta seg av Trafikkagenten. Barna måtte levera samtykkeskjema med underskrift frå føresatt, for å få utdelt ein personleg kode til Trafikkagenten. Øvrige grupper gjennomfører registreringar i oktober.

Gjennomføring av Mental Mapping: teikning av individuelle kart, med fargekodar. Teikna dei inn kvar dei bur, kvar dei går/tar buss/vert køyrd til skulen, kvar dei går/tar buss/vert køyrd på fritida, kvar dei føler seg utrygge i trafikken og kvar dei føler seg trygge. Elevane arbeida i grupper på tre og fire. Dei overførte dei individuelle karta til fem gruppekart. I tillegg teikna dei inn to nye moment på karta: kvar eksisterer det snarvegar i dag og kvar ønskjer de å ha snarvegar?

Gjennomføring av workshop i samarbeid med medlemmer av Bjørøy og Tyssøy velforening. Bruk av appen til kart-workshop. Gruppeprosessar knytt til a) teikne inn snarvegar på kartet og 2) kommentera andre forhold ved snarvegane. Nærmare om oppgåver sjå vedlegg metode.

Om prosessen: Deltakarane var engasjerte, og kom med mange gode forslag og grunngevingar til nye snarvegar. I tillegg til dei seks gruppene skal styret i velforeninga levera sitt kart i ettertid av workshopen. Dei ønskja betre tid, for å kunna vera meir grundige i arbeidet.

Resultat

Skal presenterast gjennom å invitera breitt (innbyggjarar, skuleelevar, lokalavisa, politikarar, relevante tenester i kommunen etc.) til ein kveld i gymsalen på Bjørøy skule. Elevane i 7. trinn skal vera vertskap, og skal presentera arbeidet som er gjort i prosjektet, i tillegg til dei digitale karta.

Stord kommune

Medverknad frå befolkninga/målgruppe:

- Skuleelevar: 08.og 09.trinn ungdomskule
- Ungdom og vaksne
- Familiar, utsette grupper, frivillige, barn/unge, nærmiljø mm
- Alle befolkningsgrupper: kundar på nærbutikken i lokalsamfunnet

Metodar for medverknad, involvering og prosessar Stord kommune 2016

- Prosjektarbeid i m.a. samfunnsfag: 08.og 09.trinn ungdomskule
Tema: trivsel og gode møteplassar i nærmiljøet.
Målgruppe: skuleelevar 13 -15 år. 130 elevar deltok. Kafédialog som innleiing til prosjektarbeidet.
Presentasjonar i form av utstilling i gymsalen.
- Stand på nærbutikk med informasjon og intervju av kundar
Semistrukturert intervju/spørjeskjema med intervjuguide. *Kva for møteplassar nyttar folk i dag? Kva i nærmiljøet er viktig for trivsel? Tiltak som vil gjere bydelen til ein enda betre stad å vere.*
Målgruppe: Kundar på nærbutikken på to ulike tidspunkt. Alle aldersgrupper/Kjønn og alderssamansetnad er registert. Innspel i nærbutikk frå 168 personar
Medverknads tiltaket annonsert på førehand: plakatar i nærmiljøet, annonse i lokalavis, omtale om kommunen sine informasjonskanalar: nettside og facebook
- Innspelskanalar: Kommunens nettside og facebook. Målgruppe: ungdom og vaksne nettside (16) og facebook (2)
- Nettverksmøter. Målgruppe: familiar, utsette grupper, frivillige, barn/unge, nærmiljø mm

Innsamling av data og vurdering av involvering av innbyggjarane

Gjennom val av medverknadstiltak har ein nådd ut til eit breitt utval av innbyggjarane. Spesielt er relativt mange ungdomar og eldre blitt involvert. Ei gruppe som er lite representert er barn i barneskulealder. Dette blir noko kompensert ved at elevane i ungdomsskulen også har fokusert på yngre barn sine behov.

Samansetninga av prosjektgruppa har medverka til involvering av grupper som kan vere vanskelege å nå; t.d. låginntektsfamiliar, småbarnsforeldre og ungdomar utanfor skulesystemet. Det er få innspel frå personar med minoritetsbakgrunn. Her kunne ein truleg nådd fram til fleire dersom gjennomføringa var betre tilrettelagt for personar som ikkje forstår norsk.

Kommunen har etablert ei lokal, tverrsektoriell prosjektgruppe (både kommunen og frivillig sektor) stod for

planlegging og gjennomføring. Gode prosessar og involvering av skule har vore svært viktig for vegval, metodeval, utval av befolkninga inn i prosjektet og gjennomføring.

Resultat

Prosjektet har fått fram mykje kunnskap om kva folk i bydelen meiner er viktig for fellesskap og trivsel. Sjølv om noko av dette er var kjent frå før, er prosjektet med å byggjer opp under antekne sanningar og fører til betre avgjerdsgrunnlag.

Eit samandrag av innspela er presentert i ein eigen innspelsrapport. Det er her lagt vekt på å få fram alle perspektiv, ikkje berre fleirtalet sine meiningar. Innspela vart samla i ein rapport som inngår i grunnlaget for utarbeiding av kommunedelplanen. Skuleelevane laga også ei utstilling der ordførar, rådmann og plansjef vart invitert.

Erfaringane frå piloten skal vidareførast til medverknadsprosessar i samband med revidering av kommuneplanen for heile kommunen. Involvering i planlegginga vil her bli enda breiare, noko me håpar vil føre til enda breiare medverknad. Mellom anna vil barnehagar, studentar og innvandrarar få meir fokus. Meir utfyllande om metode, prosess og resultat er innarbeidd i grunnlagsrapporten for kommunedelplan for Sagvåg og Litlabø juni 2016.

5. Beskrive relevante tiltak som oppfølging av lokale folkehelseutfordringar

Samla tilbakemelding/vurdering

Arbeidet med utvikling av prosjektet på går. Kommentaran under gjeld status for kvar kommune.

Askøy kommune:

Kommunen vil ha kunnskap våren 2017 etter gjennomføring av medverknadsprosessar og analyse av materialet.

Bømlo kommune

Kommunen vil ha kunnskap våren 2017 etter gjennomføring av medverknadsprosessar hausten 16, og analyse av materialet.

Fjell kommune

Har kopla det pågåande arbeidet inn mot kommunen sin trafikksekkingsplan. Kartlegginga av trafikkforholda vil bli presentert vegmynder som har ansvar for trafikksekkring og bygging av gang- og sykkelveggar. Kartlegginga av eksisterande og ønskja snarveggar skal nyttast i kommunal planlegging. Kva snarveg som skal utviklast kjem seinare.

Stord kommune

Kommunen har fått eit godt verktøy for oppfølging av lokale folkehelseutfordringar gjennom arbeidet med ein pilot knytt til arbeidet med ny kommunedelplan (områdeplan) for ein bydel. Arbeidet med planarbeidet på går – kva relevante tiltak som skal følgjast opp på området møteplassar og nærmiljø inn i kommunedelplanen er ikkje avklara.

6. Beskrive kor mange som direkte og indirekte vil nyte godt av oppfølgingstiltak.

Samla tilbakemelding/vurdering

Arbeidet med utvikling av prosjektet er pågåande og derfor vanskelig å vurdere. Kommunane løftar fram at prosjekta rettar seg mot sektorar eller områder i kommunane som vedkjem mange. Kommentaran under gjeld status for kvar kommune ut i frå kunnskapsgrunnlag i dag.

Askøy kommune

Dette er ikkje avklara ved rapporteringstidspunkt.

Bømlo kommune

Alle innbyggjarane eller delar av befolkninga i tre av åtte lokalsamfunn i kommunen vil få verknader av prosjektet. Tal på dei som får direkte eller indirekte nytte vil avhenge av kva tiltak med mål om å utvikle nærmiljøa/lokalsamfunna i ei meir helsefremjande retning kommunen vel. Kunnskap frå prosjektet skal vere bidrag i arbeidet med ny kommuneplan som starta opp i 2017.

Busett på Espevær: 96 personar, 22 er i aldersgruppa 67-79 år.

Busett på Moster: 2189 personar, 224 er i aldersgruppa 67-79 år.

Busett på Rubbestadnestet 1828 personar, 136 er i aldersgruppa 67-79 år (inklusive Innvær).

Feriefolk og turistar.

Fjell kommune

I første omgang alle innbyggjarane (barn, unge, vaksne og eldre) på Bjørøy samfunnet: 618 personar

Innbyggjarar (barn, unge, vaksne og eldre) på Tyssøy: 71 personar.

Turgåarar frå andre delar av kommunen/andre kommunar.

Kommunen skal nytte metodar og erfaringar inn mot andre skulekrinsar i kommunen slik at tal på innbyggjarar som får langsiktige gevinstar av prosjektet kan bli større.

Stord kommune

I bydelen Sagvåg og Litlabø bur 4300 innbyggjarar. Kven og kva aldersgrupper som vil få nytte av resultatane frå medverknadsprosessane og oppfølging på tiltak må vurderast når kommunedelplanen er ferdig.

Kommunen skal i 2017 gjennomføre medverknadsprosessar for andre delar av kommunen med større befolkning busett.

7. Beskrive korleis og med kva høgskule har bidrege med i kunnskapsbygging om lokalt folkehelsearbeid og korleis «følgje-med rolla» er i vareteken i kommunar og fylkeskommune

Avtale med Høgskolen i Bergen om både «følgje-med oppgåver» og utvikling av «følgje-med rapport» er ferdigstilt, etter at avklaringar knytt opp til regional- og nasjonal evaluering kom på plass i september. Avtala vil bli underskreven i november etter at Høgskolen har gjort avtala kjent breitt i eigen organisasjon. I etterkant vurderer vi at det har vore ein «hemmar» at utdanningsmiljø ikkje var kopla på ved oppstart av prosjektet. Fleire av kommunane ville hatt nytte av følgje-med miljø som dialogpart tidlegare i prosjektutviklinga. HiB har særleg frå juni bidrege inn i prosjektet før avtalen formelt var ferdigstilt.

Gjennom samarbeidsavtalen er det etablert mål for samarbeidet i Hordaland som skal:

- Bidra til kunnskapsbygging i kommunane.
- Nytte resultat av prosjektet inn i relevante utdanningar ved Høgskolen i Bergen.
- Vidareutvikle samhandling mellom Høgskolen i Bergen og Hordaland fylkeskommune innan innsatsområdet folkehelsearbeid, nærmiljø og lokalsamfunnsutvikling.
- Bidra til auka samhandling mellom Høgskolen i Bergen sine ulike fagmiljø og prosjektkommunane.

Høgskolen i Bergen skal følgje utviklinga av prosjektet, bidra som dialogpartner til gjennomføring av måloppnåinga, delta med støtte og kompetanse på prosjektsamlingar der det er relevant, bidra til kompetansebygging og integrering av nærmiljø og folkehelse i utdanningar. Følgje-med rapport.

Prosjektbidrag HIB 2016

Integrering i utdanningar

- Kopla på masterstudentar inn mot prosjekta i to kommunar.
- Etablert prosjektgruppe i HiB på tvers av fagavdelingar som føl prosjektet.

Støtte – og kompetansebygging

- Bidrege med undervisning på to samlingar. April og september.
- Bidrege med prosesstilbakemelding i plenum på prosjekt-presentasjonar i september.
- Planlegg fagprogram på prosjektsamling i desember i samråd med regional prosjektgruppe.

Følgje-med rolla mot arbeidsprosessar mm

- HiB delteke på fire møter i regional prosjektgruppe jan/juni/sept/oktober. Faglege innspel og dialogpart for prosjektgruppa.
- Besøkt eller avtalt besøk i tre av fire kommunar haust 2016. Orientering, synfaringar og samarbeid Stord og Bømlo. I dialog med Askøy og avtale om bistand til metodeutvikling.
- Samtalepart for fylkeskommunen

For meir opplysningar sjå vedlegg 3: status rapport frå HiB pr 09 11 16.

Kommunane

- Sikra tverrfagleg prosjektorganisering.
- Bidreg gjennom regional prosjektgruppe til utvikling av det regionale samarbeidet
- Inviterer HiB inn i prosjekta. Starta arbeidet med å identifisere samarbeidsområder i nokre av kommunane.
- Erfaringsdeling og tilbakemeldingar på dei andre prosjektkommunane sine prosjekt ved felles samlingar.
- Kompetansespreiing og deling i kommunane.
- Kompetanse- og erfaringsdeling gjennom ulike nettverk

Hordaland fylkeskommune

Pådrivar og samordningsrolla

- Etablert prosjektet
- Etablert tverrsektoriell prosjektgruppe i HFK med brei kompetanse
- Politisk og administrativ forankring av prosjektet
- Lagt til rette for avtale med utdanningsinstitusjon
- Prosjektleiing - 7 prosjektmøter – prosjektutvikling i dialog med prosjektleiar i kommunane
- Besøkt 3 av fire kommunar i 2016 for dialog rundt prosjektet og målområda
- Rapportering og informasjon
- Dialogpart
- Formidlingsplan er underutvikling.

Kompetansebygging i prosjektet

- Bistand ved analysegruppa for dei kommunane som har ønska det vedr metodeutvikling
- I gang med å knytte andre av fylkeskommunen sine fagavdelingar inn mot prosjektet der kommunane treng samarbeidspunkt t.d vidaregåande skular
- Utvikla kompetansesamlingar om metode og medverknad for kommunane/prosjektgruppene
- Lagt til rette for at konfereransar utvikla av HFK blir innretta for å møte kompetansebehov for prosjektkommunane.
- Lagt til rette for studentstipend for studentar frå HiB for å auke kunnskapsutvikling m.m.

Regionale samlingar				
dato	Type samling	målgruppe	Tal deltakerar	Tema
14 04	<i>Kick-off</i> prosjektetablering	Prosjekt- gruppe. HFK	26	Prosjektpresentasjon i plenum. Mobiliering og nettverksbygging i lokalmiljø.

14 og 15 09	<i>Lunsj- til lunsj</i> Erfaringsdeling Prosjektstatus Metodegrunnlag	Prosjektgr. HFK HIB inkl studentar	33	Prosjektstatus i Hordaland. Kvalitative metodar i lokalsamfunnsutvikling og nærmiljøkvalitetar. Erfaringsdeling frå prosjekta.
25 og 26 10	Konferanse. Auke kunnskaps- grunnlag	Prosjekt- gruppe/ andre relevante i kommunen	25-30	Bredde kunnskap om « <i>planlegging for god folkehelse</i> ». <i>Nasjonale føringar, teoriforståing, Nærmiljø, inkludering. Praktiske døme på tiltaksutvikling.</i>
07 og 08 12	<i>Lunsj – til lunsj</i> <i>Under planlegging.</i> <i>Metodar for deltaking</i>	Prosjekt- gruppe/ andre relevante i kommunen. HFK/HiB	25-30	Aktørperspektivet Medverknad/deltaking Metodar for deltaking
Nasjonale samlingar				
12 05	Metodesamling Gardermoen	Prosjektgr. HFK	19	Metodar
14 og 15 11	Samling Bergen	Prosjekt- leiarar	5-6	Kunnskapsinnhenting og erfaringsdeling

Erfaringsdeling i kommunane og mot andre aktørar

- Tilrettelagt for erfaringsdeling og spreing av kunnskap frå prosjektet.
- Lagt til rette for at prosjektkommunane kan dele erfaringar gjennom innlegg på konferansar arrangert av HFK (plankonferansen og trafikksikringskonferansen).
- Informert om prosjektet på andre arenaer (som Kulturkonferansen).

Erfaringsdeling/kunnskapsdeling samlingar og konferansar Hordaland				
	Type samling	Mål-gruppe	Del- takarar	Innlegg ved
25 og 26 10	Plankonferansen i Hordaland	Kommunar, Fylke, Private aktørar, statsetatar	Sesjon 90 pers.	Stord kommune
23 11	Trafikksikrings- konferansen i Hordaland	Kommunar Andre	Plenum 60 pers.	Fjell kommune
09 12	Erfaringsdeling i <i>folkehelsenettverket</i> <i>Hordaland</i>	Folkehelsekoordinator		Prosjektleiarar: Stord, Askøy, Bømlo og Stord. Tema- kvalitativ kunnskap inn i oversiktsdokument.

8. Beskrive grad av overføringsverdi til andre kommunar, fylkeskommunar og utdanningsinstitusjonar.

Kunnskapsbygging i kommunane og fylkeskommunen

Samhandlingskompetanse og kunnskapsdeling

Gjensidig samhandling aukar kunnskapsgrunnlaget i høve lokal folkehelsearbeid: I kommunen, mellom kommunar, i fylkeskommunen og mellom fylkeskommunar. Særleg bygging av prosjekt med folk frå ulike sektorar inn i planlegging. I tillegg legg kommunane ned ein betydelig innsats for å formidle kunnskap frå prosjekta. Gjennom deltaking i prosjektet tilegnar fleire seg kunnskap som vil bli delt med samarbeidspartar i eigen organisasjon, og mot andre samarbeidspartar og i ulike nettverk.

Vi ser allereie no gjennom erfaringar i haust at det er interesse for å få tilgang til ulike kunnskap frå prosjektet. Arbeidet med kunnskapsdeling frå prosjektet er starta jfr rapporteringspkt.7

Auka kunnskapsgrunnlag i oversiktsarbeidet

Kommunane er i tidleg i gjennomføringsfasa i prosjektet, og utan ferdige resultat er det ved første rapporteringsdato vanskeleg å fastslå grad av overføringsverdi. Det vi veit utifrå gjennomlesing av oversiktsdokumenta til kommunane i Hordaland er det svært få kommunar som har innarbeid kunnskapsgrunnlag etter § 5 c i noverande dokument. Grunnlag for at overføringsverdien vert stor.

Kunnskap om nærmiljøfaktorar

Lokal kunnskap frå dei ulike prosjekta vil ha verdi utover deltakar kommunane. Grunnlag for å tru at overføringsverdien vert stor.

Medverknad, metode og kartleggingskompetanse

Vi har også grunn til å tru – utifrå kunnskapen i prosjektkommunane – at også andre kommunar i fylket har mindre røynsle med omfattande medverknadsprosessar for innsamling av kvalitative data som kunnskapsgrunnlag. Erfaringane prosjektkommunane gjer seg vil bli nytta ved kompetanseheving og erfaringsdeling i fylket. Overføringsverdi stor.

Døme frå kommunane på områder med stor overføringsverdi.

Askøy kommune vurderer erfaringar med samarbeid mellom skulesektor og andre kommunale avdelingar om felles folkehelseprosjekt og metodar for medverknad av barn og unge som særst viktig.

I Bømlo er særleg kommunen sitt samarbeid med grendelaga og metodar om utvikling av helsefremjande av særleg interesse.

Fjell kommune trekkjer særleg fram med bruk røynsler med å nytta appen «Trafikkagenten» til registrering av opplevingar, hendingar (både positive og negative) og trafikktryggleik på vegane. Dette er ein app som er tilpassa barn, men som like gjerne kan nyttast av vaksne. Registreringa skjer der og då, og opplysningane kan vera meir truverdige enn ved t.d. Barnetråkk, der barna registrerer skulevegen sin først når dei er framme i klasserommet. Også erfaringane til kommunen med digitalisering av mentale og gruppevise kart, og måten kommunen ønskjer å framstille så mykje informasjon på, vil vera interessant for andre kommunar

Stord kommune Medverknadsarbeidet med grupper som elles ikkje deltek i planlegging direkte inn i planprosessar.

Kunnskap inn i utdanningar

Høgskulen i Bergen skal gjennom samarbeidsavtalen sikre at kunnskap i prosjektet inngår i utdanningar. Sidan mange ulike fagmiljø ved HiB vil bli involverte i prosjektet, håper vi på god kunnskapsspreiing. Det er opna opp for fleire masteroppgåver.

Anna rapportering

Oppsummering knytt til målområde 2 i søknad frå 2015 – samla vurdering av måloppnåing.

HFK hovudaktivitetar - tiltak	måloppnåing
Etablere prosjektorganisasjon	God - gjennomført
Samlingar: lokalt, regionalt og nasjonalt	God – vidareføre 17
Kompetanse/utviklingsarbeid kommunar	God- vidareføre 17
Sluttrapportering og evaluering	ikkje starta
Hovudaktivitetar – tiltak kommunane	
Etablere prosjektleiing	God - gjennomført
Vidareutvikle prosjektet/handlingsplan/strategiar for medverknad lokalt	God - vidareutviklast for 2017
Mobiliseringsarbeid i nærmiljøa	God – vidareføre 17
Gjennomføre medverknadstiltak med brei tilnærming	God – vidareføre 17
Kompetansehevingstiltak/samlingar lokalt og regionalt	God- vidareføre 17
Utvikling av kartleggingsmetodikk – prøve ut metodar	samla vurdering god
Analyse/resultat bearbeiding	delvis starta
Utvikle system/struktur for implementering av resultat inn i plan og oversiktsdokument – integrere innbyggjarane sine perspektiv	Systemutvikling ikkje starta –17
Utforme tiltak for implementering i kommunale planar	delvis starta
Rapportering/erfaringsdeling	starta
Evaluering	Ikkje starta

Vurdering av prosjektet sin nytteverdi

Prosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse gir kommunen handlingsrom til å prøve ut nye metodar og arbeidsformer. Dette er elles vanskeleg å få til i den kommunale kvardagen. Prosjektet bidrar til meir samhandling på tvers, både internt i kommuneorganisasjonen og mellom offentleg, frivillig og privat sektor. Det er spesielt nyttig å kunne fokusere på prosessen meir enn resultatet. Nasjonal, regional og lokal samhandling gir legitimitet. Prosjektet er med på å auke forståinga for folkehelse, og løfte folkehelsearbeidet ut til dei ulike samfunnsaktørane.

Risikofaktorar (kva faktorar gjer det usikkert at dere skal nå måla, sjølv om dere mottek tilskot frå Helsedirektoratet?)

Risikovurderinga frå søknaden i 2015 er gjennomgått. Kommunane syner stor grad av prosjektframdrift og gjennomføringskraft i tråd med vurderinga knytt til liten risiko i søknaden. Tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet vert vurdert som ein viktig faktor for prosjektutviklinga i kommunane.

«I dette prosjektet vurderer vi risikoen for manglande gjennomføring som liten. I kommunane er prosjektet tufta på kommunane sin trong for utvikling innafor område dei har valt sjølve. Dei har teke utgangspunkt i oppgåver og arbeidsområde dei likevel ville gått inn i, og som dei no kan gjere kvalitativt betre i eit slikt samarbeid. Kommunane legg og vekt på god politisk, administrativ og fagleg forankring som gir status til prosjektet.

I Hordaland fylkeskommune er prosjektet forankra hos fylkesdirektøren for regional utvikling og arbeidet med å bistå kommunane i kartlegging og metodeutvikling for utvikling av nærmiljø/lokalsamfunn har tradisjonelt hatt høg prioritet. Å knyte folkehelse nærare til, er ei naturleg vidareutvikling som kan styrkast gjennom dette prosjektet».

Økonomisk rapportering

Kommunane har levert delrapport.

REGNSKAP

Regnskap

-Skriv inn regnskapsførte inntekter og utgifter for prosjektet for året

-Skriv alle beløp i hele kroner.

Inntekter

Tilskuddsbeløp fra Helsedirektoratet

2 000 000

Utgifter

-Oppgi estimerte regnskapstall for prosjektet på følgende utgiftskategorier.

- | | |
|---|-----------|
| 1. Lønnsutgifter med sosiale utgifter | 1 184 000 |
| 2. Reiseutgifter, arrangement, møter, konferanser | 397 000 |
| 3. Konsulenttjenester | 400 000 |
| 4. Trykking, publikasjoner, kunngjøringer, utsending og distribusjonskostnader | 13 000 |
| 5. Investeringer/ inventar/ utstyr
Kontroller i kunngjøringen om det gis tilskudd til dette. | 0 |
| 6. Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortjenester inkludert lokaler og energi | 6000 |
| 7. Andre utgifter | |

Spesifiser

Kroner

Sum utgifter

2 000 0000

Netto estimert

Ubrukt tilskudd for 2016 (vær realistisk)

0

Søknad om overføring av midler til 2017

Sum: ...0.....

Info om andre inntektskilder

Når Helsedirektoratet skal ta stilling til rapporteringen på tilskudd trenger vi informasjon om andre inntektskilder i prosjektet.

Inntekter fra andre kilder/ statlige prosjekt

-Skriv hvem som har bidratt med finansering, beskrivelse av finansieringen og beløp.

0

Egenfinansiering

Redegjør for hvor stor egenfinansiering, stillingsressurs eller frivillig innsats dere har lagt inn i prosjektet fra egen virksomhet.

Samla eigen innsats både for prosjektkommunane og Hordaland fylkeskommune kr 1 104 000.-

Hordaland fylkeskommune: Eigenfinansiering kr 563 000. Av dette lønn m/sosiale kostnader til prosjektleiar 50 % stilling og andre ressurspersonar kr 400 000. Hordaland fylkeskommune har i tillegg til midlar frå tilskot frå H.dir, i 2016 finansiert reiseutgifter, arrangement og konferansar, trykkerikost, samt studentstipend estimert til ca. kr. 163 000. Kan bli høgare pga. to arrangement som ikkje er ferdig planlagde. Driftsutgifter, forbruksmateriell og kontortenester inkludert lokale og energi er eigenfinansiering og ikkje prissett.

For kommunane utgjer eigne bidrag i form at arbeidstid for deltakarar i prosjektgrupper, i medverknadsprosessar, reisetid og andre kostnader kr 544 000. Driftsutgifter mm er stort sett rekna som eigebidrag frå kommunane og ikkje kostnadsberekna.

Det har vore ein betydeleg innsats frå frivillig sektor. Innsatsen er kostnadsberekna til ca. kr 130 000. Dette er sett lavt slik då innsats frå alle kommunar ikkje er medteke. *Utrekninga av timepris for frivillig arbeid er basert på gjennomsnittleg timepris i industrien i 2015. Denne utrekninga er vanleg å bruke, og er t.d. referert til i "Organisasjonshandboka - Frivillighet Norge".

REVISORUTTAELSE

-Kryss av for ett av alternativene

Kun aktuelt på hovedrapportering pr. 1.04-2017 og 2018

Klikk her for å skrive inn tekst.

Vedlegg

-Rapportering kan utdypes i ett eller flere vedlegg dersom det er nødvendig

Regnskapsrapporter

x Tilleggsinformasjon til rapporteringen

Kommentar til vedlegg

Vedlegg 1: verbal rapport. Regnskapsrapport ved Hovudrapportering.

GODKJENNING

-For kommuner og fylkeskommuner skal rapporteringen være forhåndsgodkjent av rådmannen eller den rådmannen har delegert myndighet til, sammen med prosjektleder

De som godkjenner og underskriver skal:

-Kjenne til vilkårene og kravene i tilskuddsbrevet

-Bekreftede at opplysningene i rapporteringen er korrekte og et godt grunnlag for vurdering av måloppnåelse knyttet til statstilskuddet

Dato

09 11 2016

Signatur

1: Rådmann/leder med delegert myndighet

Mette Warabod

Signatur

2: Prosjektleder

Eise-Mari Brøskekke Aap

Tittel/ rolle godkjenner

Jugrid R. Brøskekke

Rapporteringen sendes til:

postmottak@helsedir.no

eller

Helsedirektoratet
Postboks 7000
St. Olavs plass
0130 Oslo

Vedlegg 1: Verbal rapport til estimert rekneskap 2015/2016.

Hordaland fylkeskommune

I Hordaland fylkeskommune sin søknad til Helsedirektoratet var det budsjettert med ei total ramme inkl. eigen finansiering på kr 3 400 000.- Estimert forbruk for 2015/16 utgjør kr 3 104 000. I tillegg kjem innsats frå frivillig sektor estimert til kr 130 000.

Det har vore mindre forbruk på trykking og kunngjeringar første prosjektåret. I tillegg har driftskostnader, forbruksmateriell i mindre grad blitt belasta prosjektet og ikkje prissett.

Lønnsutgifter med sosiale utgifter Hordaland fylkeskommune har ikkje nytta tilskotet til løn for prosjektleiing.

Reiseutgifter, arrangement, møter og konferansar mm: kr 300 000

Pga. geografiske avstandar både innan prosjektkommunane og mellom prosjektkommunane, må representantar frå to kommunar alltid reise. Det er eit siktemål å styrke kompetanse i prosjektgruppene og andre frå kommunane. HFK har derfor i samråd med prosjektgruppa valt å samle prosjektdeltakarar gjennom 2 lunsj til lunsj samlingar med overnatting i 2016. I tillegg kjem nokre dagsamlingar og plankonferanse over to dagar. HFK har dekkja kostnader utanom reise i Hordaland, for deltakarar frå kommunane. Fylkeskommunen har også dekkja kostnader ved deltaking på dei to nasjonale samlingane for alle frå Hordaland. Fylkeskommunen har også dekkja kostnader til foredragshaldarar/kompetanseheving på felles samlingar.

Utover bruk av tilskotet frå Helsedirektoratet har Hordaland fylkeskommune bidrege med eigenfinansiering i tillegg til tilskotsmidlar frå H dir.

Konsulenttenester: kr 300 000

Her vert utbetaling av midlar til følge-med institusjon regnskapsført. HFK vel å utbetale ein større sum til følge-med institusjon ved avtale inngåing.

Trykking, kunngjeringar mm: Mindre forbruk i 2016 i høve budsjett. Eigen finansiert.

Investeringar: I tråd med regelverket ikkje nytta.

Driftsutgifter: Rekna som eigen finansiering.

Tilskot til kommunane: Hordaland utbetalte kr 350 000,- til kvar kommune i des. 2015. Totalt kr 1 400 000. Fleire kommunar skulle tilsetje ressurs som prosjektleiar frå jan 2016. Ved mottak av midlane aksepterte kommunane deltaking i prosjektet i tråd med gjeldande regelverk. Øvrige tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet blei overført til nyoppretta prosjektkonto frå 01 01 2016.

Kommunane:

Lønnsutgifter: Estimerte regnskapsrapportar frå kommunane syner at utbetalte prosjektmidlar stort sett er nytta til prosjektleiarar i kommunane. Dette for å dekke ekstra lønnskostnader med sosiale utgifter det første projektåret, varierende mellom 40% og 60% stillingsressurs. Lønnsutgifter er større enn i estimert i projektsøknad til H dir. Totale lønnskostnader for kommunane er kr 1 199 000. Arbeidet med å etablere prosjektet har vore ressurskrevjande på alle nivå. Frikjøp av prosjektleiar vert vurdert som ein viktig suksessfaktor for gjennomføring av prosjektet.

Oversikt over estimert eigeninnsats frå kommunane syner at lønnskostnader til andre tilsette i kommunen utgjer storparten av eigeninnsatsen.

Reiseutgifter mm: Kommunane har nytta prosjektmidlar også til reiser til møter og samlingar i Hordaland.

Konsulenttenester: Det har ikkje vore leigd inn eksterne konsulentar til utviklingsarbeidet/kartleggingsarbeidet i kommunane. Kommunane nyttar egne ressursar. Ei kommune har brukt midlar for å kompensere meirkostnader til grendalaga som utfører alt kartleggingsarbeid for kommunen.

Trykking, kunngjeringar mm: Mindre forbruk i 2016 i høve budsjett. Førrebels er ikkje rapportar trykt opp. Litt kunngjeringar i presse.

Investeringar: I tråd med regelverket ikkje nytta.

Driftsutgifter: Litt kostnader til kontormateriell inngår i eigen finansieringa. Kostander til lokale og energi er ikkje kostnadsberekna.

Anna: Ei kommune støttar økonomisk frivillig sektor med kostnadsdekninga då desse utfører ein stor del av kartlegginga på vegne av kommunen.

Vedlegg 2: Rapport frå Stord kommune

